



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
«REF»	«REFDATO»	87113/2016/	Svein Neerland, 71 25 88 32	13.09.2016

## Invitasjon til møte om Skjærgårdsteneste 22. september på Molde fjordstuer

Tid: 22. september 2016 kl. 10.00 - 14.30  
Stad: Molde fjordstuer

Som tidligare varsla, kallar vi inn til drøfting om Skjærgårdsteneste i Møre og Romsdal. Møtet er ein oppfølging av befarung i Bergen 29. august.

Målet med møtet er å få fram ulike aktørar sine behov, og korleis vi kvar for oss kan bidra dersom vi vil opprette ei skjærgårdsteneste i vårt fylke.

Bakgrunnen for møtet ligg i at Møre og Romsdal fylkeskommune ved Kultur- og folkehelseutvalet, har bedt om ei politisk sak som skal vurdere om det er grunnlag for å opprette ei Skjærgårdsteneste i vårt fylke. Saka skal leggest fram på utvalet sitt møte 26. oktober 2016.

Den politiske saka som skal utarbeidast bør svare på desse spørsmåla:

- Er det behov for skjærgårdsteneste i vårt fylke?
- Kva for oppgåver bør eventuelt ei slik teneste ha?
- Korleis bør tenesta organiserast?
- Korleis bør tenesta finansierast?
- Korleis bør tenesta samarbeide med eksisterande aktørar som har ansvar langs kysten?
- Kva kan dagens aktørar med ansvar langs kysten bidra med for at det kan etablerast og driftast ei skjærgårdsteneste?

Ut i frå dialog vi har hatt med ulike aktørar så langt, er det særleg fem utfordningar som har kome fram:

1. Marin forsøpling, rydding og forebygging av "herrelaust" søppel.
2. Drift og skjøtsel i statlig sikra friluftsområde som er lettast tilgjengeleg med båt.
3. Skjøtsel og rydding av søppel i verneområda og utsette kyststrekningar.

4. Legge til rette for kystnært friluftsliv og understøtte grunneigarar og frivillige til skjøtsel langs kysten.
5. Haldningsskapande arbeid i møte med bedrifter, skular og frivillige.

På møte vil vi ha korte innleiingar frå aktørane der ein responderar på:

1. Har min organisasjon behov for at det opprettast ei skjærgårdsteneste, og i tilfelle kva for behov?
2. Slik kan vi bidra inn i oppretting og drift av ei skjærgårdsteneste.

### **Program for temadag 22. september på Molde fjordstuer.**

- 10.00 Velkomen, ved leiar i kultur- og folkehelse utvalet, Marit Nerås Krogsæter
- 10.10 Organisering og evaluering av Skjærgårdstenesta i Norge, v. Petter Jensen, rådgivar friluftsliv, Møre og Romsdal fylkeskommune
- 10.50 Beinstrekk
- 11.00 Korte innleiingar frå aktørane
- 11.00 Regionråda. Orkide, ROR og SRR
  - 11.10 Fylkesmannen i Møre og Romsdal
  - 11.20 Statens Naturoppsyn
  - 11.30 Renovasjonsselskapa VØR, ÅRIM, RIR, NIR og HAMOS
  - 11.40 Kystverket
  - 11.50 Norsk sjømat/ Marine Harvest
- 12.15 Lunsj
- 13.00 Friluftsråda
- 13.30 Felles drøfting. Slik vil vi ha det i Møre og Romsdal
- 14.30 Slutt

### **Påmelding til Svein Neerland innan 20 september.**

Epost: [svein.neerland@mrfylke.no](mailto:svein.neerland@mrfylke.no)

Telefon: 900 99 507

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen  
fylkeskultursjef

Svein Neerland  
Seksjonsleiar folkehelse og  
fysisk aktivitet

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*